




## Fang kvalen! Tankar langs ristningsberga på Nordvestlandet

Møre og Romsdal har ei rekke bergkunstlokalitetar frå steinalder (Fig. 1). Måleria på Honnhammar i Tingvoll, ristningane på Rausand og Søbstad på Averøy og ristningane på Bogge i Nesset representerer veidekunstsatsinga vår i Bergkunstprosjektet. Skjøtselsplanar dannar no grunnlag for arbeid på lokalitetane. Skjøtselsplanane er eit felleseige mellom NTNU Vitenskapsmuseet, Kulturavdelinga ved Møre og Romsdal fylke, kommunane og grunneigarane. Etter at tilstandsproblematikk er kartlagt, bøtevoner planlagde, oppgåver og ansvar fordelt, midlar skaffa, -gjeld det å få gjort jobben. Dette er ikkje tida for å dvele ved forståinga av bergbileta. Men det er så rart med det. Å gå langs ristningsberga i dagesvis gjer ein fortruleg med bilet og stad.

Kval - niser eller spekkhoggarar - er motiv som går att på alle dei utvalde bergkunstlokalitetane på Nordmøre og Romsdal, samt på Bjørsetsteinane i Molde. I samband med skilting av Averøyristningane vaks det fram eit ynskje i meg om å prøve å fange alderen på kvalane på Averøy på nytt. Denne kvalfangsten vart oppstarten på denne reisa vi no skal ta gjennom veidekunstlokalitetane i fylket.



**Figur 1.** Veidekunst i Møre og Romsdal.

## Ristningsberget: Terra incognito eller naturgjevne monument

Vårt fag er skapt ut av møtet med framande menneskeskapte ting frå ei anna tid. Dei menneskeskapte objekta er frå starten det primære, funnstad og omgjevnadar er tilleggsopplysningar, med etterkvart aukande vektlegging. På funnkartet er funnstadar relaterte til ein forenkla geografi, til møta mellom vatn og land. Elles er geografien, dels av pedagogiske grunnar, eit kvitt inkje. Ristningskalleringa har også dette terra incognito, prega av den naudsynte primæroppgåva: dokumentasjon av det menneskeskapte. Ein utilsikta konsekvens av gjengjevingspraksisen er at ristningsberget og naturomgjevnadane trer tilbake, - og må lyftast fram att for å sjå lokalitetane som dei heilagstadar og naturgjevne monument dei er.

På Søbstadklubben trer ristningsstaden fram som ein naturskapt katedral. Berga er bylgjande modellert av brear. Jettegrytebylgjene skaper små sakrale rom eller altar i det større ”kyrkjerommet” bortetter berget. Særmerkte naturformasjonar eller naturfenomen er karakteristisk for mange heilagstadar. Slike stadar kan ha vore heilage før ristningane vart hogne.


Glattpolerte parti på bratte berg ved framskotne nes er ei karakteristisk lokalisering av bergkunst i Møre og Romsdal. Hammaren over Honnhammar I har sin antropomorf profil (Fig. 2). Saman med dei måla dyreprofilane finst her òg ein dyreprofil som er del av bergveggen. Kvartsband, som no ofte er utvitra, finst på mange bergkunstlokalitetar, mellom anna Søbstad og Bogge. Sær preg og eigenskapar ved sjølve ristningsberga kan ha gitt biletia meiningskonnotasjonar utover det dekorative, og kan ha vore medlokalisérande.



**Figur 2.** Mannen i hammaren. Honnhammar I.  
Foto: Ø. Kleiva

## Nisene: Mat eller metafor? Enkeltfigurar eller komposisjon?

Mange av ristningslokalitetane i Møre og Romsdal er slik at du må trø varleg, det er farar knytt til tilkomst eller opphold. Dette gir ei avgøynd kjensle. Mange kan ikkje ha vore samla her. Dyrefigurar på bratte skrentar i hjorterike vald har kalla fram tanken på drivfangst (Bakka 1973:156). På Honnhammar II står dyra på ei smal hylle. Dyra nærast kanten bøyjer hovudet ned. På hylla under, på Honnhammar VI, fell ein abstrakt skikkelse langs berget (Fig. 3). Er det eit dyr på trekk som skal over fjorden? Er det eit dyr jaga på sjøen for å fangast? Eller er det eit menneske? Mogleg fallscene har vi òg på Bogge 1 (Fig. 8, nr 28). Figur 3 strekker seg vidare utover biletkanten og er lekk i ein større figur, der sekskanten spelar inn.



**Figur 3.** Honnhammar VI figur 6.  
Foto/grafikk: Ø. Kleiva

Før var Søbstadklubben ein bratt holme med eit smalt sund mot land. Ein kunne ha sperra av sundet og slakta kval som i eit grindadrap mot landsida. Nisa er fangstmann sjølv, - eit teikn på kvar fiskestimapane står. På Bogge kan ein i dag sjå niser og fritidsbåtar på dei gode fiskeplassane, rett utanfor ristningstadane òg var fangststadar spørs kanskje kor vidt ikring berga ein ser.

Dyra på ristningsberga på Nordmøre og i Romsdal er i all hovudsak store land- og sjøpattedyr. Felles fangst av storvilt har til alle tider vore storhendingar, slik også eit godt laksevarp eller eit sildesteng er: dele innsats, dele utbytte; feire fangst, feire fellesskap. Kanskje vart òg eit større fellesskap feira ved ristningsberga. Enkelte abstrakte figurar har vore samanlikna med fangstreiskap, feller og nett. Alle ristningsfigurar er bokstaveleg dels inne i, dels ute av bergveggen. Ved desse dørene i berget har göden møtt dyreåndene eller andre krefter i tilveret.

Enkeltfigurar på ristningsberga dannar over tid grupper og flokkar. Eg reknar dette som ei form for intensjonell meiningsberande komposisjon som òg kan ha karakter av scener. Med eit og anna unntak vender dyra i slike større samlingar nasen same veg, som ein verkeleg flokk: i stilbestemt stivbeint prosesjon på Rausand eller i frisk fart på Bogge 1. På Rausand har den store nisa også fylgle av ei lita, som er hogge inni (Fig. 6). Både på Søbstad og Bogge fyl små niser dei større (Fig. 5 og 9). Mange småkvalartar er som menneska sosiale dyr. Hjå spekkhoggaren er flokken danna av fleire generasjonar døtre med makar, leia av eldsta hoe (Grønli 2002). Er det urmora vi finn på ristningsberga? Ei som tek i vare? Trekk ved småkvalsamfunna, til dømes samhald og ivaretaking av andre individ i flokken, kan ha gjort dei eigna til førebilete for naudsynt etikk i det menneskeskapte samfunnet.

Vingenmaterialet kan sjåast som kjønna (Bakka 1973; Mandt 1998). Med unntak av Honnhammar og elgen på Bogge ser vi få gevir på ristningsberga i Møre og Romsdal. Dyra er generelt i godt hald: feite eller drektige. Det er nærliggande å slutte at det er mange hodyr. God ettervekst av komande generasjoner byttedyr sikrar framtida for både dyr og menneske. Dyreflokken kan også ha tent som metafor for folket. Forløysinga av eit barn er ei krise, med stor fare og usikker utgang både for mor og barn. Kva kultur er det som inga gudmor har til hjelp i slike fall? Forløysing og fødsel har også mange overgripande metaforar, alle overgangar kan vere fødslar til nye stadium i livet. Ålmenne eksistensielle situasjonar, knivseggar mellom liv og død, er fanga opp i alle kulturar sine ritual og lyt såleis alle ha sine kulturspesifikke samband til figurane i ristningsberga.

### **Bylgjer over ristningsberga**

Lokaliseringa av veidekunsten medførte at ein tidleg fokuserte på at lokalitetane måtte ha lege nær sjøkanten ved høgare vasstand (Sognnes 2003:190). Tanken på eit direkte samband mellom ristning, ristningsberg og vatn er svært tiltalande. Det fysiske møtet kan ha spelt på og styrka meiningsinnhaldet i ristningane. Slike konnotasjoner er også mogleg utan direkte fysisk møte mellom vatn og ristning. Dikotomien sjø:berg eller hav:land ligg også i kval: elg/rein/hjort eller sjøpattedyr:landpattedyr. Bergkunsten representerer også ei iscenesetjing av forestillingar og mytar. Bergbileta er visuelle uttrykk som har kunna spelt saman med eit langt vidare visuelt og auditivt register. Evna vatn har til å framheve figurane kan vere ei side av dette, og vassig kan også ha vore meiningsberande for veidekunsten. Å ta på alvor at bera kan vere hogne i og under flomål gjer at vi kan utvide dette registeret av moglegje meiningsberande visuelle effektar som set bergkunsten i scene. Ta til dømes Søbstad: at bergflatene kan vere hogne under flomålet gjer det mogleg å visualisere nisene på dei bylgjande bera, der dei sprett svartglinsande av væte opp av sjøen for så å forsvinne ned att i bårene.

### **Strandlinedatering: Maks moglegheit eller deterministisk mareritt?**

Då Gustaf Hallström i 1913 spegelnivellerte sine funn på Bogge og Honnhammar, gjorde han dette ut frå innsyn i at sjøen hadde stått nærmere bergkunstfeltet (Hallström 1938:391 ff, 403 ff). Relative høgdeskilnadar medverkar i hans relative stilchronologiar (*ibid*:414). Kunnskapen om førhistorisk strandlineutvikling har vakse og er instrumentalisert til ein reiskap arkeologar lett kan nytte. Strandlinedatering av bergkunst har, slik ny effektiv reiskap innbyr til, vorte reindyrka, i arbeid der strandline betyr alt og stil lite eller inkje for vurdering av alder. Strandlinelokalisering er då vorten ei lov som overstyrer eventuelle andre lokaliseringsfaktorar. Tradisjonell veidekunstforskning er basert på ei stilutvikling frå dei eldste, slipte, naturalistiske ristningane i Nordland til ei vidare utbreiing av naturalistiske hogne ristningar mot etterkvar mindre naturalistiske og meir skjematiske dyrefigurar (Gjessing 1936). Direkte strandlinelokalisering brukt som einerådande kulturell naturlov får den konsekvens at slipte og hogne ristningar vert utan tidssamband, og ulike stiltypar på same høgd vert samtidige element (Hesjedal 1992:35). Veidekunsten i Møre og Romsdal er allereie forsøkt datert utifrå strandline: Morten Ramstad fyl strandlinelova og opphevar stilchronologiar der dei stirr mot direkte strandlinedatering (Ramstad 2000). Kalle Sognnes er oppteken av at strandline ikkje er einaste lokaliseringsprinsipp og nyttar strandlinedatering for å gje ei bakre tidsramme for veidekunsten i Møre og Romsdal og Trøndelag (Sognnes 2003).

Ramstad nyttar empirisk gode kurver frå undersøkte lokalitetar (Svendsen & Mangerud 1987:119, 122; Ramstad 2000), men når grunnkurva han vel ikkje har same avstand til hovudlinene som ristningslokaliteten han ser på, tilhøyrer ikkje kurva ristningslokaliteten.

Sognnes er oppteken av feilkjeldene ved strandlinedatering: - manglande presisjon i kurvene, - vanskar i konstruksjonen av kurvene når ein nyttar datakonstruerte kurver der ingen primærdata finst, - og når arkeologen brukar desse kurvene: korleis ein legg inn høgdetal og les ut alder (Sognnes 2003:201). Når Sognnes likevel nyttar strandlinedatering er reiskapen Jakob Möllers strandlineprogram. Dette er laga for å kunne nyttast over vide delar av Nord-Skandinavia, område det har stor interesse å samanlikne tidfestingar med. Men med det let Sognnes vere å nyte det som ville føre han nærmest mogleg ei forhistorisk røynd for lokalitetane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag, dvs redusere feilkjeldene. På grunnlag av ei rekke empirisk undersøkte lokalitetar har Bondevik, Svendsen og Mangerud utarbeidd og testa isobasar som igjen mogleggjer produksjon av kurver for ein kvar stad mellom desse hovudkurvene på strekninga Sunnmøre – Sør-Trøndelag (Svendsen & Mangerud 1987; Bondevik *et al.* 1998). Feilkjelder ved mellomkurver kan ha konsekvensar, men neppe i nærleiken av dei konsekvensar det gir å nyte hovudlinekurver langt unna undersøkingsstaden. Arbeida er enkle å nytte via program for strandlinekurver (Simpson 2003).

Ved skiltinga på Averøy i 2005 ville eg nytte eksisterande tidfestingar. Ramstad plasserer Rausand på 18 moh. og får seinmesolitikum (SM) og Søbstad på 13 moh. og får tidlegneolitikum (TN) (Ramstad 2000:70,72). Sognnes nyttar 23 moh. på Rausand og får mellomesolitikum (MM) og 11 moh. på Søbstad og får seinneolitikum/eldre bronsealder (SN/EBA) (Sognnes 2003:195). Verken Ramstad eller Sognes problematiserer kvaliteten på dei høgdedata dei nyttar. Rausand og Søbstad er ikkje stilmessig einsarta, men har eit utprega likskapstrekk i kvalmotivet som begge stadar er kopla til jettegryteformasjon i berget. Min hypotese vart at lokalitetane i alle høve dels måtte vere omlag samtidige, om det så medførte at ikkje begge lokalitetane var like strandbundne.


Som del av skjøtselsplan for ristningane i Møre og Romsdal inngår at kommunen kartfestar med godt måleutstyr. Dermed får vi også naudsynte sikre høgdemål, samstundes som målepunkt direkte knytt til figurar gir ei direkte kopling mellom kalkering og kart. Eg vil her presentere høgdemålingane frå dei fem veidekunstlokalitetane på Averøy og i Nesset, samt relatere desse til strandlinekurver som gir bakre dateringsrammer. Lokalitetar utan ny kartfesting er med for å gje eit førebels samla oversyn over fylket, eg nyttar då dei til gjengelege høgdemål eg har størst tillit til. Eg baserer meg på dei over nemnde arbeida (Svendsen & Mangerud 1987; Bondevik *et al.* 1998; Simpson 2003). Desse kurvene er baserte på siste gong sjøen ved gjennomsnitts høgvasstand (flomål) nådde målepunktet (Simpson *in press*). Dersom ristningane i røynda har vore hogne lågare, betyr det at maksimumsalderen eg set vert for låg.

Kvar skal så samanliknbare høgdemål takast? Vi har lært undervegs frå Averøy til Bogge. Hallströms måltal forheld seg alltid spesifikt til lågaste figur sjølv om han også har mål til lågaste punkt på berget (Hallström 1938). For framtida foreslår eg systematisk måling knytt til nedste punktet på lågaste figur samt andre stilmessig relevante figurar på feltet. Måltal frå kantar/mark framfor ristningsberget gir store samanlikningsvanskar. Høgda her kan variere mykje innanfor same lokalitet, og likeeins avstand frå bakke til lågaste figur mellom ulike lokalitetar.


## Søbstad og Rausand i Averøy kommune

Jarl Flemmen, Averøy kommune, kartfesta Rausand og Søbstadlokalitetane. Maksimalt avvik skal ligge godt under 10 cm. På Averøy vart punkt på bakken framfor lokalitetane, samt enkelte punkt på berget tilknytt figurane, målt inn. For Rausand er ein isobase på 46,25 m nytta og for Søbstad ein på 43,7 m. Frøyakurva som Ramstad nyttar for begge er betre eigna for Rausand enn for Søbstad, men isobasen til Frøyakurva ligg eigentleg enno litt lenger aust. Nye måltal og maksimum datering er lagt inn på figurar.

På Søbstad felt A (Fig. 4) var det ikkje mogleg å måle dei øvre figurane direkte. Ei kvar overføring har feilkjelder. Måltal er ført frå midt av ringfigur på 14,1 moh. til den store nisa (eg reknar scena ovanfor med liten båt/nise som sekundær). Stornisa på felt A har lågaste punkt på 15 moh., noko som gir ei bakre ramme for felt A på 5750-5000 år BP (ukal.). På Søbstad felt B (Fig. 5) er dei to største nisene hogge på berg frå 14 og 13,4 moh. og oppover (maksimum alder 5500-5250 år BP ukal.). Den lågaste kvalen på felt B (som i røynda, om ikkje på kalkering, er heilteikna) ligg med 12,55 moh. lågast av alle figurar på Søbstad




Figur 4. Søbstadklubben felt A. Kalkering: K. Sognnes 1996.




Figur 5. Søbstadklubben felt B. Kalkering: K. Sognnes 1996

(maksimum alder er ca 4900 år BP ukal.). Vi ser at den øvste stornisa på felt A er hogge på berg som kom fram fra sjøen (over middels flomål) eit stykke tilbake i SM, medan dei to andre stornisene, som førstig har klare fellestrek i form, er hogge på berg som var over dette havnivået ved overgangen til TN. I slutten av TN står alt berg som det er hogge i på Søbstad over gjennomsnitts flomål.


På Rausand felt A (Fig. 6) har vi berre eitt mål direkte til figur, på snuten til nisa nr 6 på 16 moh. Mål er pga feilkjelder berre overført innanfor felt A, til bakre hase på storelgen nr 13 som ligg på ca 15,8 moh. Berget kom ifylge strandlinekurva for Rausand fram omlag 5750 år BP ukal. Den store nisa på Rausand, nr 6, dekker berg ned til ca 15,7 moh. Under skjøtselsarbeidet i 2004 kom det fram nye figurar på felt A, mellom anna ring under nisa og eitt nytt dyr (Fig. 7) under nr 12 og 14-17 (Fig. 6). Dette lågaste dyret på Rausand går ned til ca 14,8 moh. og tilseier at dei berga der det er hogge dyr på Rausand var komne fram frå havet omlag 5300 år BP ukal. Felt A representerer byrjinga av, og lågaste del av, eit panel som skrå oppover mot nord (felt A-D). Øvre figur på Rausand er ein rammefigur med bylgjer. Felt A har figurar av "alle" stiltypar vi finn på Rausand. Sidan det er her også Rausands mest naturalistiske figurar ligg, og sidan felt A ligg lågast, skulle dei nedste måltala vere relevante for lokaliteten som heile. Alle tala vi har gir maksimumsdateringar til SM. Den nye dyrefiguren, tilliks med nr 12, representerer den framleis noko naturalistiske ikkje skjematiserte typen som dominerer Rausand. Strandlinetidfestinga av nyfunnet tilseier at denne typen kan vere frå




**Figur 6.** Rausand felt A. Kalkering: K. Sognnes 1996.



**Figur 7.** Rausand. Ny figur tilknytt felt A. Kalkering: T.E. Linge 2004 /Ø. Kleiva 2006.



Figur 8. Bogge 1. Kalkering: G. Gjessing 1936.



Figur 9. Bogge 2. Kalkering: G. Gjessing 1936.

SM, men at den ligg på berg som er kome fram frå havet omlag 500 år etter berga den delvis bevarte naturalistiske elgen ligg på.

Det kan vere hogge ristningar både på Rausand og Søbstad i SM. Men ulikt Søbstad kan heile Rausandristninga, utifrå strandlinetidfesting åleine, vere laga i SM. Eg reknar SM som sannsynleg for iallfall dei mest naturalistiske dyra nr 13 og 6. Dei noko naturalistiske ikkje skjematiserte dyra, som altså utgjer hovudtyngda av figurar på Rausand, kan vere frå slutten av SM, eller likså sannsynleg frå TN, då dei ligg på gode bergflater med etablert ristningspraksis. Rausand er i så fall eit døme på eit berg der eldre figurar synest å ha vore viktigare lokaliseringfaktor enn den direkte vasskanten, ettersom tida har gått.

## Bogge i Nesset kommune

Håvard Sørvik frå Nesset kommune har målt direkte lågaste punkt på kvar lokalitet samt dei figurane eg meiner har størst relevans for tidfestinga. Hallströms spegelnivelleringer opp frå sjøen viser berre få og små avvik (Hallström 1938:403 ff). For Bogge har eg nytta 95 m som hovudline. Kurva er slakk; dette aukar feilkjelder ved avlesing. Alle mål er direkte mål til figurar.

Bogge 4 er eit bratt breskura berg. Figurane er ikkje kalkerte, berget er nedtæra og dei er vanskelege å sjå. Ein frottage vil vonleg vere mogleg å utføre etter omlegging av eit drensrør. Under skjøtselsarbeid i 2005 såg vi skjematiske dyr tre stadar på berget, det eine ved eitt nettmönster mot "toppen" av berget. Dette er Hallströms Bogge II med eitt dyr ikkje ulikt flokken på Bogge 1 (Hallström 1938:408). Vi har målt inn bergets øvre og nedre kant, 27,5-25,4 moh. Lågaste figur ligg ca midt på berget. Omkring 5800 år BP (ukal.) stod havet 26 meter over dagens havnivå.

Bogge 1- Hallströms Bogge I- er eit mildt runda svaberg med ei langstrakt austside, der ein stor skjematisk dyreflokk er på veg inn- og oppover, i tritt med lagdelinga i berget (Fig. 8). Det er inntil 2 meters høgdeskilnad på dyr tilhøyrande flokken. I dette mylderet finn vi to større naturalistiske elgar, den eine i heilfigur. Bakhasen til den heile naturalistiske elgen nr 7 ligg på 25 moh., og berg på denne høgda kom over flomålet om lag 5500 år BP. Lågaste figur på hovudgruppa på Bogge 1 er eit skjematisk dyr, nr 12, like under elgen på 24,9 moh., ein halv meter over Hallströms mål (Hallström 1938:403). Noko åleine, vest av hovudfeltet, står eit par skjematiske dyr for seg sjølv i ei lita vestvend gruppe.

Bogge 2 -Hallströms Bogge III- har tre delfelt (Fig. 9). Øvste feltet er panelet med nr 1-12. Nr 1 er høgaste figuren på Bogge 2, og panelet skrår nedover mot vest frå kvalfigurane/oval med grep nr 1-8 til hjortedyra nr 9-12. Tre hindra gode satellittsignal, vi fekk ikkje mål på nr 12. Det vestlegaste og lågaste punktet vi har målt på dette panelet ligg på snuten til kvalen på nr 8, på 19,25 moh. Den øvre storkvalen, nr 5, ligg som den lågaste figuren i ei gruppe lengst aust på berget, sporden ligg på 19,9 moh. Det øvre panelet fyl ei lagdeling og har altså høgder på nedre del av hovudfigurar som går frå ukjent, vurdert til i alle fall 18,5 via 19,25 til 19,9 moh. Så spørst det om berget er suksessivt hogge eller representerer ei meir samla hending, 20-19 moh. gir etter strandlinekurva tutt berg ca 4750 - 4600 år BP (ukal.), dvs TN-MNa. Eit stykke under dei vestlege og lågaste figurane på panelet ligg det andre feltet på Bogge 2, ei lita gruppe dyr: dei har vi for Bogge 2, og veideristningane på Bogge som heilskap, vårt lågaste mål på 17,3 moh. Hallströms dyr nr 14 ser ut til å gå litt lenger ned (17,1 moh. i fylgje Hallström 1938:409). 17,3 moh. er gjennomsnitts høgvasstand ca 4400 år BP (ukal.). Vi

skulle då vere godt inn i MNa før berget kom over flomål. Dyr lenger aust (tredje feltet) ligg på 18 moh. Delar av Bogge 2 har vore mogleg å hogge i frå overgangen TN-MNa, delar har fyrst vore mogleg å hogge i eit stykke ut i MNa, om berget skulle ligge over flomål.

Hallström finn fire stadium i veidekunsten på Bogge: A) Dei naturalistiske elgane på Bogge 1 er eldst (representerer dei eldste konturhogde dyra utanfor området med store naturalistiske flatehogne/slipte dyr). B) Nisene på panelfeltet på Bogge 2. C) Dei forenkla, men ikkje skjematiske, dyra på Bogge 2 (Fig. 9 nr 13-14). D) Dei skjematiske dyra på Bogge 1 (flokken). Om lag samtidig er truleg også den øvre figuren (Hallströms II). Stadia fyl, med unntak av dei skjematiske dyra (D), dei relative høgdene på lokalitetane (Hallström 1938:414).

Ramstad utfordrar synet på Bogge 1 som fleirfasa. Han daterer Bogge 1 som ei samla ristningshending utifrå høgd over havet, etter strandlinekurva for Tingvoll til 5600 år BP, dvs SM. Grunnlaget hans er ei sterk tru på strandlinetilknyting og ein tilsvarende sterk tvil til stilutviklingskronologiar "teoretisk såvel som empirisk" (Ramstad 2000:75). Sjølvé det empiriske beviset i Møre og Romsdal på at stilutviklinga kjem til kort, ligg for han her på Bogge 1, understøtta av lokalitetane Rausand, Bjørset og Reitaneset. Ramstad meiner han finn dyr frå alle Vingenfasane til Bakka i fri flyt på same høgd over havet, og dette opplyser for Ramstad stilkkronologiar såpass at ikkje berre det han meiner er Vingenfasar men òg den naturalistiske elgen er samtidige (Ramstad 2000:74 f). Bevis for at Bogge 1 er ei samla ristningshending har Ramstad ikkje.

Bakka sine Vingenfasar er relaterte til om lag same høgder over havet, men tidfestingane av desse er ikkje basert på direkte strandtilknyting (Bakka 1973; Mandt & Lødøen 2005:145). Ramstad utelèt hovudtyngda av dyra i flokken på Bogge 1 i si eksemplifisering, og døma er heller ikkje eintydig overbevisande i si samhaldning av Bogge 1-figurar og alle Vingenfasar.

Slik eg ser det er grunntrekka til dyra i hjorteflokken på Bogge 1 at dei alle er sterkt skjematiske. Dei har alle markering av føter frå rygglinia og ned, det Bakka kallar eit vestnorsk særtrekk (Bakka 1973:161). Men dette er karakteristisk for yngre fasar i eit vidare område i fylgje dei samanhaldinger Lindgaard har gjort av hjortedyrmaterialen i Møre og Romsdal, Trøndelag og Mellan-Norrland (Lindgaard 1999:48 ff). Markering av fot frå rygg ser vi også i dei noko meir naturalistiske og mindre skjematiske Rausanddyra (Fig. 6 nr 11), og for så vidt også i den store elgen der. Hovudtypen i flokken på Bogge 1, t.d. figur 8 nr 6, har ein relativt firkanta kropp, med sid runda buk, tildels svakt svaia rygg. Hals og hovud er ikkje teikna i direkte fortsetjing av buklina slik vi ser mykje av i Vingen. Nokre figurar har line rundt foten slik at denne blir heil, slik vi ser på dei meir naturalistiske dyra på Rausand og Bogge 2.

Går vi spesifikt over på å leite direkte etter Vingentypar i flokken på Bogge 1, altså utanom hovudtypen, finn vi at den eldste av Bakkas Vingenfasar, Hammaren, er fråverande. Det er unntaksvis mogleg å sjå enkelte dyr, og/eller sider ved dyr, på Bogge 1 i samband med Hardbakken- og Brattbakkenfasen i Vingen. Det er fyrst typar som liknar det Bakka reknar som den siste fasen i Vingen, Elvatypen, som er rikt representert på Bogge 1. Dei finn vi særleg på dei austre og øvre, og etter mi vurdering moglegvis sekundært hogne, delane av Bogge 1-panelet. Ikkje ulike figurar finst på Holte i Skogn (Lindgaard 1999:47).

Sognnes reknar typen til å vere yngre enn 3000 BP i Trøndelag (Sognnes 1995:132). Hogginga i Vingen har vore rekna for å vere avslutta innan MN, med konsekvens for Ausevik (Bakka 1973:185; Walderhaug 1995:174; Mandt 1998:207). *Helleristningar i Noreg* fortel i staden om funn i Vingen frå overgangen eldre/yngre steinalder og mangelen på funn frå yngre

steinalder (Mandt & Lødøen 2005:145). Ein kortar ned på den strikken ein meiner Bakka har gjort stilchronologien sin til, og meiner ein finn fastpunktet i SM. Dette attende er del av same straumdrag som Ramstad representerer. Det kjennest ikkje rett å datere figurar på Bogge utifrå gjenstandsfunn i Vingen. Bogge har i så måte sitt eige funnmaterial. I beste fall gir dette koplingspunkt til ristningane på Bogge. Datering av fornminne utifrå andre fornminne i nærområdet er ikkje akkurat utan metodiske vanskar. Men i røynda må figurar av same type ha om lag same alder på tvers av museumsgrensene.

Maksimumstidfestinga til omlag 5500 år BP (ukal.) av elgen figur 8 nr 7 er inntil betre kurver ligg føre, berre å ta til etterretning – saman med at ein etter strandlinedatering og stil kan ha eldre ristningar i Møre og Romsdal, både på Søbstad og Rausand. Det er eit stilmessig langt steg, ikkje berre frå elgen på Bogge 1, men òg frå dei litt lausare naturalistiske dyra på Rausand som maks kan vere frå slutten av SM, men som truleg og representerer ei tidlegneolittisk utvikling, til flokken på Bogge 1. Mellom dei ligg stilchronologisk dei nedste Bogge 2-dyra som har ei maksimumsdatering til MNa gjennom strandlinna. Dette peikar mot at flokken på Bogge 1 kjem deretter. Dei øvre Bogge 2-landdyra har enkelte parallellar i flokken på Bogge 1, og kan vere samtidige eller ein yngre referanse til desse figurane på Bogge 1. Ser ein vegen mellom Rausand og flokken på Bogge 1 til å gå via Bogge 2, talar mykje for at flokken på Bogge 1 i stor grad er eit mellomneolittisk fenomen.


Flokken på Bogge 1 utgjer etter mi vurdering ein samla komposisjon, der variasjonar i stil over tid har underordna seg hovudtrekka i komposisjonen på eit elegant vis. Dette ser ein tydelegare av berget enn av kalkeringa. Berget og figurane spelar tett saman. Opplevinga av flokken som ein samla komposisjon kan i seg sjølv vere eit hinder for å akseptere at flokken er hoggen over tid.

## Bjørsetmysteriet

Dei jordfaste steinane Storvik I og II på Bjørset i Molde vart funne i 1937 og 1939. Då Storvik I kom fram, var i Møre og Romsdal berre Boggeristningane kjend. Ein såg ikkje figurative element på steinen, og den vart vanskeleg å plassere utifrå stil åleine som "arktisk" eller "sørskandinavisk" (Petersen 1937). Funnomstenda var særmerkte. Delar av steinen inkludert delar av ristninga var overleira av strandgrus over eit humuslag. Bjørlykke granska funnstaden. Han målte høgda på strandterrassen steinen låg i til 11,4 m over flomål, og 11,9 m over tangrand. Steinen stakk 55 cm under markoverflata, ristningane gjekk ned til 21 cm, og overkanten av humuslaget tok til 28 cm under markoverflata. Bjørlykke skriv "*Profilen i groften viste at det underste humusskikt nærmet sig overflaten både på S og N siden av stenen. Den overliggende grus er derfor tydelig en liten vollformet strandavsetning som er avsett over det gamle humuslag. Denne strandavsetningen må således være avsatt ved en transgressjon av havet etterat det underste humuslag var dannet. Da runestenen hviler på det gamle humuslag og er delvis begravet i den yngre strandavsetning må ristningen utvilsomt være utført i en tid som ligger forut for den nevnte transgressjon*" (Bjørlykke 1938). Merk at Bjørlykke seier transgresjon, ikkje tapestransgresjon. På forespørsel frå Sverre Marstrander ga Arne Grønlie ei vurdering av Bjørsetfunnet i forhold til strandlineutviklinga. Grønlie fortel at tapestransgresjonens maksimum ligg på omlag 20 moh. ved Molde, dvs godt høgare enn steinen: "*Men så vidt jeg kan se av beskrivelsen behøver den (transgresjonen) jo bare være ganske ubetydelig. Det er en strandlinje som ligger i rette høyden. Den er riktig nok ikke videre framtredende [...] Alderen på denne linjen har jeg beregnet til 3840 år tilbake i tiden [...] en gang mellom Jættestuetiden og bronzealderen.*" (Grønlie 1950).

Ramstad argumenterer utifrå Stettekurva for at strandgrusavsetjinga Bjørsetristningane låg i representerer tapes, og at Bjørsetristningane er frå MM (Ramstad 2000:67). Frøyakurva ville her ha vore meir relevant av grunnkurvene (Svendsen & Mangerud 1987:115). Strandlinediagrammet eg nyttar er basert på 47,5 m. Det gir eit maksimum på tapestransgresjonen på ca 17,5 moh., og minimum ligg over 12 m. Reknar vi utifrå humuslagets overflate 11,4 moh. ser overleiringa ut til å ha skjedd omlag 4500 år BP (ukal), dvs MNa. Den avgrensa avsetjinga representerer mest truleg ei anna hending enn tapestransgresjonen, slik både Bjørlykke opnar for og Grønlie konkluderer med.

Formmessig står ikkje ristningane på Bjørset så isolert som dei i si tid gjorde. Allereie funnet av Storvik II med kval og mogleg dyrefigur sannsynleggjorde at også Storvik I var veidekunst. Abstrakte mønster/figurar, med eller utan rammer, kjennen vi i dag frå meir eller mindre alle veidekunstlokalitetane i Møre og Romsdal. Storvik I er, om ein ser nøyare etter, heller ikkje så abstrakt som ein har villa hatt det til. På opningsutstillinga til kunstmuseet Kube i Ålesund i 2005 representerte Storvik I veidekunsten i Møre og Romsdal (Opdahl & Lande 2005). Kunsthistorikar Tove K. Lande nemnde kval under ei omvising. Det stikkordet opna den i eit nett samanknytte motivkretsen på Storvik I for meg (Fig. 10). Vi ser fylgesveinen kvalen har på Rausand og Bogge 2: ovale rundingar med ein strek/grep (her med grop). Her er òg krokar.



**Figur 10.** Storvik I, Bjørset. Kalkering: E. Bakka 1975 (etter Ramstad 2000). Grafikk: Ø. Kleiva.

### Reitaneset i Midsund kommune

Motiva på Reitaneset er sjøfugl og moglegvis ein sel. Figurane på Reitaneset er rekna for dei einaste regulære kroppsmønstra ristningsfigurane i Møre og Romsdal, sjovt om vi no nett har sett at nisa på Storvik I har eit slags kroppsmønster. Underkant av nedre figur på Reitaneset er sett til 12 moh. (Møllenhus 1968). Ramstad nyttar Stettekurva som her berre er svakt ute av kurs, og seier at dette feltet kan daterast til overgangen SM-TN (Ramstad 2000:64), med justert kurve er eg inne i TN. For Ramstad er Reitaneset eit bevis på at det er stilchronologiane som er ute av kurs. Men bevisføringa må som for Bogge1-flokken vere omvendt: Før det kan gjevast særskilt grunn for at ristninga må vere hoggen heilt i strandsona, kan ikkje Reitaneset brukast til å underminere hovudtrekka i stilutviklinga i veidekunsten, der regulær kropssdekor er rekna som eit seint trekk.

### Honnhammar i Tingvoll kommune.

Bergmåleri vert sjeldan drøfta saman med helleristninga direkte. Vanskar med eintydig plassering i veidekunst eller sørskandinavisk ristningstradisjon har hange ved. Moglege seine dateringar av måleri som veidekunst aktualisera kulturdualisme. Spørsmålet har også vore om målingane skulle forståast som eit frå ristningane separat kulturuttrykk, og om bergmålingane

i seg sjølv representerer fleire ulike tradisjonar. Opne lokalitetar i Telemark vert rekna til veidekunsttradisjonen (Sliving 2003).

Bergmåleria på Honnhammar ligg på fleire opne lokalitetar i bratt lende kring nesa Hinna og Honnhammarneset. Motiv og stil fortel klårt at Honnhammarmåleria tilhører veidekunsten. Å sjå ristningar og måleri i området i samanheng er gjensidig nyttig. Honnhammadryra har fotliner som skjer gjennom kroppen frå ryggen. Stilistisk er dyra på Honnhammar I-II laust naturalistiske, men langt frå heilt skjematiserte. Dei kan sjåast som ei ytterlegare opploysing av naturalisme i dyreframstillinga enn den vi finn på dei laust naturalistiske, ikkje skjematiserte dyra på Rausand (t.d. Fig. 7). Måling som medium gir langt mindre motstand enn steinhogging. Dette gir måleria, sjølv med klare førebilete, eit meir intuitivt uttrykk. Dyra på dei lågareliggende lokalitetane V, VI og VIII viser slektskap med Bogge 2.

Honnhammar har mange ornament. Meander/rombemønsteret på Honnhammar I er kjent. Nettmønster finn vi på Honnhammar VII. På den nedre lina av felt på Hinna (lokalitetane VI, VIII og IX) og på Honnhammar V på Honnhammarneset har vi abstrakte figurar som er symmetriske kring ein vertikal midtakse, med bevisste avvik frå symmetrien. Dette synest vere forenkla dyre-/menneskeskikkelsar. Figur 3 (nr 6 på felt VI) viser slektskap til Vingen (Mandt 1998:215).

I Finland er bergmålingane rekna for å vere frå 3000 år f.Kr.-500 år e.Kr. Sliving påpeiker at dei fleste dateringar av bergmålingane i Noreg er sannsynleggjeringar som gir eit generelt inntrykk av at målingane vert mest utbreidd mot slutten av yngre steinalder, med uklar avgrensing opp i tid (Sliving 2003:490). Med utgangspunkt i Møllers isobase 23, og 19 moh. for Honnhammar I og III, samt 16 moh. for Honnhammar V, får Sognnes ei ramme for maksimumsdatering av Honnhammar frå SM til SN (Sognnes 2003:200). Tingvoll er ein av teststadane for strandlineprognosane til Svendsen & Mangerud. Eg nyttar deira Tingvollkurve (Svendsen & Mangerud 1987:125). Presisjonsnivået til Hallström frå Bogge gjer at eg, inntil ny kartfesting ligg føre, nyttar hans spegelnivellement til nedre figur på Honnhammar I-III på respektivt 21,6 og 22 moh. (Hallström 1938:391). Dette gir frie berg på dei øvre lokalitetane omlag 5000 år BP ukal. (TN). Nedre figur på Hallströms Honnhammar II tilsvrar Sognnes Honnhammar VI, og ligg i øvre del av den skrånande rekka med lokalitetar under Honnhammar II. Her oppgir Hallström 19 m, med Tingvollkurva vert dette ca 4500 år BP (MNa). Av nye lokalitetar og felt som Sognnes registrerte på tidleg 1990-tal ser eg på den mogleg lågaste, Honnhammar V. Der nyttar eg inntil vidare opplysninga frå Sognnes om 16 moh. (Sognnes 2003:200). Dette gir maksimums alder på omlag 4000 år BP (ukal.), altså MNb. Det er på denne lokaliteten vi møter den siste og truleg yngste nisa vår. Min konklusjon er at Honnhammar har lokalitetar der det har vore mogleg å måle frå TN og utover. På bakgrunn av likskap med Rausand er ein slik konklusjon også truleg. Målinga kan ha opphørt i MNb, men høgda på Honnhammar V er usikker. I så fall er yngste figur på Honnhammar ei sørskandinavisk båristning av Mandts type A1 på Honnhammar I (Mandt 1991:266; Sognnes 1999:465).

## Surnadalssteinen

Ein laus Stein med ristning vart funne sekundært i fjøra nær Skei i Surnadal kommune i 1996 (Kleiva 1999). Den tvetydige dyre-/menneskeskapnaden liknar ein sjamanfigur på Ausevik, der Walderhaug daterar dyr i scene med "sjamanfigur" til fase 1, sett til MNb (Walderhaug

1994:62 ff, 85; Kleiva 1999). Det tvetydige ved figurane peikar mot transformasjon tilknytt sjamanisme. For den frysna rammefiguren med nett er ein figur på Holtsåsristninga kanskje ”næraste” slekting (Kleiva 1999:28). Bakka koplar denne figuren på Holtsås til dei yngste fasane på Vingen (Bakka 1973:172). Ramstad daterer Surnadalssteinen til SM/TN utifrå at fryssetrekanten er ein rammefigur, og at rammefigurar finst på ristningsberg som har SM/TN-tidfesting (Ramstad 2000:97). At abstrakte mønster med og utan rammer finst også på dei ristningsberga som først vart tekne i bruk, og gjerne då høgst oppå på berga som bylgjemönstera à la Vingen/Ausevik på Søbstad C og Rausand er verd å merke seg, enten mønstera representerer eldste fase eller gjenbruk av berga, - så vel som at du finn dei på lokalitetar som grunna sjøen må vere langt yngre. Utifrå det vi førebels veit kan fenomenet rammefigurar i seg sjølv ikkje brukast til tidfesting utan nærliggande kvalifikasjoner.

### Niser først og niser sist

Under skjøtselsarbeid på dei prioriterte veidekunstfelta Søbstad, Rausand, Bogge og Honnhammar i Møre og Romsdal står tilstanden til lokalitetane i fokus, ikkje figurane åleine. Dermed trer lokalitetane og omgjevnadane deira klårare fram som dei naturlege monumenta dei er. Ristningsberga på Søbstadsklubben er meir som ein naturkatedral å rekne, med bylgjande veggar og krær polert av elv og is. Å ta eit skritt attende og sjå meir på omgjevnadane på ulike nivå kan i neste vende gje eit fornys blikk på figurane. Kvalfigurane på Søbstad er kopla til jettegryteliknande formasjonar, ei kopling vi finn att på Rausand. Omgjevnadane, vatn og spesielle kvalitetar ved berget, kan vere del av det å iscenesetje myte og meinings på desse heilege stadane, saman med sjølvé bergbileta.

På Søbstad og Rausand ser vi òg at ein nøkkel til relativ kronologi på feltet kan vere eit hierarki i posisjonane på berget. Vi ser på fleire større felt at det synest vere samanfall mellom eldste figurar, utifrå stilvurdering, og dei finaste eller meir spesielle plasseringane på flatene. Det er jo kanskje også dei første figurane som har kravd størst kvalifikasjoner frå staden for i det heile å hamne der. Det kan vere at desse naturlege monumenta har vore heilagstadar før det vart hogge her. Så snart eit bilet er hamna på berget er dette etablert ristningsberg, ein lokaliseringsfaktor for nye biletar i seg sjølv.

Mi strandlinedateringsreise gjennom alle veidekunstlokalitetar tok til ved at eg hadde vanskar med å nytte eksisterande framlegg til tidfesting ved skiltinga av Søbstad og Rausand. Betre høgdemål var naudsynt. Nyinnmålinger er gjort av Averøy- og Boggelokalitetane. For framtidig samanlikning betyr det mykje at måla er knytt til systematisk relevante ”fastpunkt”: som minimum å måle nedre punkt på nedre figur på dei ulike felta eller gruppene på felta. På alle lokalitetane nyttar eg det eg meiner er den best tilpassa strandlineutviklingskurva for staden. Strandlinetidfesting må generelt brukast med medvit om at dette er berre starttidspunktet for når berget kunne hoggast. Kurvene eg nyttar er baserte på gjennomsnitts flomål, og berga kunne faktisk vore hogne til dømes på mellomvasstand.

Strandlinelokalisering må ikkje gjerast til ei kulturell naturlov som ser bort frå andre lokaliseringsfaktorar. Fleire lokalitetar er laga over tid og har ulike fasar, og også enkelte scener og komposisjonar synest å vere laga over tid. Strandlinetidfesting stemmer i Møre og Romsdal i hovudtrekk med den eksisterande relative stilkronologien, der ei utvikling kan sjåast frå såkalla naturalistisk mot det meir skjematiske. Ved avvik har strandlinetilknyting vike for andre lokaliseringsfaktorar. Avvika synest hyppigare når det gjeld yngre figurtypar. Dels handlar dette om gjenbruk av eksisterande ristningsfelt.

Nisa er del av det aller eldste bergkunstsjiktet i Møre og Romsdal: Søbstadnisa figur 4 nr. 2 og Rausandelgen figur 6 nr. 13 er hogge i berg som kom over flomålet frå omlag 5750 år BP (ukal.). Desse to har ein meir reinskoren og formsikker stil enn dei naturalistiske slektingane, Rausandnisa (Fig. 6 nr. 6) og Bogge 1-elgen (Fig. 8 nr. 7). Dette gir to korrekjonar av Sognnes sitt kronologiskjema (Sognnes 1995:132). Kvalen som motiv har sin plass i denne eldste fasen av naturalistiske konturhogde ristningar, og denne fasen lyt flyttast ned i tid. Med dette er kvalmotivet altså del av det primære ”vokabular” i dei konturhogde ristningane så vel som i dei slipte. Slipte og konturhogde ristningar er åtskilte tradisjonar, om ein baserer seg på strandlinetidfesting (Hesjedal 1992). Men då har ein samstundes basert seg på same hovudfigurmotiv og lokaliseringsprinsippet sjøtilknytning. Dette har altså vore seige understraumar medan skikken å hogge i berg med alt det inneber har lege lett utanpå. Dette førekjem meg som ei feil vektig. Kanskje har ikkje den slipte bergkunsten vore direkte strandtilknytt? spør Trond Lødøen (Mandt & Lødøen 2005:81).

Kvalen må ha hatt ei sentral rolle i opphavsmytane til det folket som hogg ristningane. Kanskje representerte kvalen ei urmor. På Søbstad har nye generasjonar av kval vorte hogge inn over tid. Enkelte småkvalartar har ein matrilineær struktur med sterke slektskapsband bakover mot eldste hoe og med stor omsorg for alle individ i gruppa. Spekkhoggaren og nisa har også andre markante trekk som har kunna medverka til deira sentrale rolle i tru som i liv: livleg leikande, farande fant og dyktig fangstar. For mat har dei gjeve, desse ”deleimatdyra”. Dei har vore felte gjennom felles opplevingsrik fangst – markert med festleg lag: ei årets høgtid der ein møtte ein vidare krins enn til kvardags.

Bergkunst i direkte fysisk samband mellom berg og vatn gir ein mogleg kraftfull konnotasjon til dei solide dikotomipara hav:land og kval:elg/hjort. Tradisjonen sjøpattedyr:landpattedyr går frå start til slutt i veidekunstens produksjonsperiode i Møre og Romsdal, og ligg på berg som kom over gjennomsnitts flomål frå 5750 BP til minst 4000 BP. Den relative mengda kval i forhold til hjortedyra minkar over tid.

Søbstad, Rausand og så Bogge 1 synest å vere dei fyrst brukte lokalitetane. Dei ligg på berg som tidlegast kom over flomål i SM. Rausand og Honnhammar I-II synest å gje dei i hovudsak tidlegneolittiske stilutviklingane som i ettertid kan sjåast som mellomstadier på vegen frå seinmesolittisk naturalisme til dei meir skjematiske dyra frå MN. Kontakt, ikkje berre nord- og austover, men òg med folket som hadde Vingen som heilagstad, vert tydeleg i berg som tidlegast kom over flomål i MN på dei yngre Honnhammarlokalitetane og på delar av Bogge 1. Blant den yngre garde i veidekunstmaterialet i Møre og Romsdal plasserer eg også Surnadalssteinen og Bjørsetsteinane. Eg utelukkar ikkje Reitaneset og Bogge 4 frå dette selskapet.

Ristningane i Møre og Romsdal ser samla ut til å kunne falle innanfor ramma SM-MN. Då har eg late strandlinetilknyting vere ein sterk premiss, trass atterhald. Medan Sognnes løt Trøndelagsmaterialet gå ned i bronsealder, har vi pr dags dato ikkje haldepunkt i strandlinedatering for å seie at veidekunst i Møre og Romsdal må gå ned i bronsealder. Men her kan premissane ein legg inn i verkyta ein nyttar skape kulturhistoriske skilnadar.

## Summary

### "Catch the Whale"

In Norway, Stone Age rock art is generally regarded as being primarily located close to the prehistoric shore. My shore line dating journey in the coastal county of Møre and Romsdal was initiated by problems I encountered using existing dates concerning the two rock art sites Søbstad and Rausand: The height above sea level experienced at the sites did not agree with the difference in altitude used in working out maximum dates from the shoreline curves, and the age differences did not agree with the style on these sites. Shoreline dating must in general be used primarily for giving maximum dates, not as a direct dating rule overriding all other decisive factors for location than the shore. Relative shoreline dates in Møre and Romsdal do, however, agree fairly well with the relative chronology of style, in which the traditional style development is seen as a development from the so-called naturalistic to the more schematic. Most sites are reused, figures seem to have been added to scenes over time, and a chronological hierarchy can be observed. Porpoises are made throughout the whole of the production phase of hunters rock art in Møre and Romsdal, on rock panels having emerged above the average high tide from at the earliest 5750 BP (the late Mesolithic) to around 4000 BP (the middle Neolithic). The sea mammal images are part of the primary "vocabulary" of the pecked naturalistic rock art in this region. This strengthens the bonds between the polished and the pecked naturalistic rock art in general; the polished rock art is traditionally regarded as the oldest. However, if the small group of polished rock art was shoreline bound, then these traditions are separate. A change in location factor might be a more culturally understandable alternative than a break in production. While Kalle Sognnes finds that hunters' rock art in Trøndelag continues into the Bronze Age, no such conclusion can yet be drawn with certainty as regards the Møre and Romsdal rock art. But the premises we put into the tools used might produce illusions of cultural historical differences.

## Litteratur

- Bakka, E. 1973. Om alderen på veideristningane. *Viking Bind XXXVIII*: 151-187. Oslo.
- Bjørlykke, H. 1938. *Runestenen ved Storvik ved Molde*. Topografisk arkiv, NTNU Vitenskapsmuseet.
- Bondevik, S., Svendsen, J.I. & Mangerud, J. 1998. Distinction between the Storegga tsunami and the Holocene marine transgression in coastal basin deposits of western Norway. *Journal of Quaternary Science* 13 (6): 529-532.
- Gjessing, G. 1936. *Nordenfjeldske ristninger og malinger av den arktiske gruppe*. Institutt for sammenlignende kulturforskning. Oslo.
- Grønlie, A. 1950. Brev av 9.11.1950 til Sverre Marstrander. Topografisk arkiv, NTNU Vitenskapsmuseet.
- Grønli, K. S. 2002. Skarpsindig havjeger i kjole og hvitt. <http://www.forskning.no/Artikler/2002/september/1031300700.6>
- Hallström, G. 1938. *Monumental Art of Northern Europe from the Stone Age. I. The Norwegian Localities*. Stockholm.
- Hesjedal, A. 1992. Veideristningene i Nord-Norge. Datering og tolkningsproblematikk. *Viking LV*: 27-53.
- Kleiva, Ø. 1999. Ristningssteinen i Surnadal. *Spor* 2: 26-28. Trondheim
- Lindgaard, E. 1999. *Jegernes bergkunst i et øst-vest perspektiv. En analyse av motiv og stiler i Midt-Norge og Mellan-Norrländ*. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi, NTNU, Trondheim.
- Mandt, G. 1991. *Vestnorske ristninger i tid og rom. Kronologiske, korologiske og kontekstuelle studier*. Upublisert doktorgradsavhandling. Universitetet i Bergen.
- Mandt, G. 1998 Vingen revisited. A gendered perspective on "Hunters" Rock Art. *KVVHAA Konferenser* 40: 201-224. Stockholm.

- Mandt, G. & Lødøen, T. 2005. *Bergkunst. Helleristningar i Noreg*. Oslo
- Møllenhus, K.R. 1968. To nye veideristninger fra Nordmøre og Romsdal. *DKNVS skrifter 1968 nr 3*. Trondheim.
- Opdahl, S. & Lande, T.K. 2005. *Identitet - kunst i mørre og romsdal gjennom 5000 år*. Katalog til opningsutstilling kunstmuseet Kube. Ålesund.
- Petersen, T. 1937. *Undersøkelse 19-20/9 1937 av helleristning på Storvik av Bjørset, Bolsøy s. og pgd., Romsd.* Topografisk arkiv, NTNU Vitenskapsmuseet.
- Ramstad, M. 2000. Veideristningene på Møre. Teori, kronologi og dateringsmetoder. *Viking LXIII*: 51-86. Oslo.
- Simpson, D.N. 2003. *SeaLevelCurvesSunm-Strond\_v2.xls*. Excel regneark for beregning av strandlinjekurver for Sunnmøre, Nordmøre og Sør-Trøndelag. Tilgjengelig frå forfatteren.
- Simpson, D.N. *in press*. Automating the Extrapolation of Sea-Level Displacement Curves - Implications for Mesolithic Research in Western Norway. I: *Proceedings of the 7<sup>th</sup> International Conference on the Mesolithic in Europe (Meso 2005)*. Oxford.
- Sløssing, T. 2003. Antropomorfe klippeformasjoner og fangstfolks kultsted. I: Goldhahn, J. (red.) *Mellan sten och järn. Rapport från det 9:e nordiska bronsålderssymposiet*. Gotarc Serie C. Arkeologiska Skrifter 59: 489-501. Göteborg.
- Sognnes, K. 1995. The social context of rock art in Trøndelag, Norway: rock art at a frontier. I: Helskog, K. & Olsen, B. (red.) *Perceiving Rock Art: Social and Political Perspectives*: 130-145. Oslo.
- Sognnes, K. 1996. Helleristningene på Averøya. *Nordmøre Museums årbok 1996*: 74-85. Kristiansund.
- Sognnes, K. 1999. Å se eller ikke se. Midt-Norske bergmalerier i en historisk kognitiv kontekst. I: Gustafsson, A. & Karlsson, H. (red.) *Glyfer och arkeologiska rum – en vänbok till Jarl Nordbladh*: 465-475.
- Sognnes, K. 2003. On Shoreline Dating of Rock Art. *Acta Archaeologica* 74: 189-209.
- Svendsen, J. I. & Mangerud J. 1987. Late Weichselian and Holocene sea-level history for a cross-section of western Norway. *Journal of Quaternary Science* 2: 113-132.
- Walderhaug, E. 1994. "Ansiktet er av stein". *Ausevik i Flora - en analyse av bergkunst og kontekst*. Upublisert hovedfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Walderhaug, E. 1995. Rock art and society in Neolithic Sogn og Fjordane. I: Helskog, K. & Olsen, B. (red.) *Perceiving Rock Art: Social and Political Perspectives*: 169-180. Oslo.

